



SAKSPAPIR TIL

ÅRSMØTE 2024

Stad: Rossabø Ungdomshus

Tidspunkt: 17. mars 2024

Velkommen til årsmøte!

I samarbeid med Rossabø folkedanslag har vi i år lagt møtet til Rossabø Ungdomshus.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste med merknad om at både innkalling og sakspapir kom for seint ut.

Vedtektene våre seier:

§ Årsmøte

1. Innkalling

Styret i fylkeslaget kallar inn til ordinært årsmøte. Årsmøtet skal heldast kvart år innan 31. mars. Innkalling og førebels sakliste sendast skriftleg til lokallaga minst 2 månader på førehand.

Omframt årsmøte skal heldast når årsmøtet, styret eller 1/3 av lokallaga krev det.

Fristen for utsending av endeleg sakliste og sakspapir er 4 veker før årsmøtet.

(...)

Innkalling og sakliste blei sendt til lokallaga 04. februar 2024. Sakspapira i sin heilskap blei publisert på rogaland.ungdomslag.no og sendt til lokallaga den 19. februar 2024.

Forslag til sakliste:

- Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2 Namneoppprop
- Sak 3 Val av ordstyrar
- Sak 4 Godkjenning av forretningsorden
- Sak 5 Val av referent
- Sak 6 Val av to til å skrive under møteprotokoll
- Sak 7 Årsmelding 2023
- Sak 8 Rekneskap 2023
- Sak 9 Arbeidsprogram for 2024
- Sak 10 Revidert budsjett for 2024
- Sak 11 Budsjett 2025
- Sak 12 Årspengar for 2025
- Sak 13 Innkome framlegg
- Sak 14 Val av:
 - Styret
 - Revisorar
 - Utsendingar til landsmøtet i NU
 - Valnemnd

Sak 2 Namneopprop

Forslag til vedtak: Det var ?? utsendingar med røysterett, ?? observatørar og ?? gjester til stades på møtet. Totalt var ??? av ?? lokallag var representert.

Vedtektene våre seier:

3. Utsendingar

Lokallag som har sendt årsmelding for føregåande år, og betalt årspengar for foregåande år for minst 5 medlemmer over 14 år, har rett til utsendingar.

Lokallag med inntil 50 medlemmer har rett til 2 utsendingar til årsmøtet. Deretter 1 utsending i tillegg for kvar nye påbyrja 50 medlemmer. Eit lag kan ikkje ha meir enn 10 utsendingar.

Utsendingane frå lokallaga skal veljast på årsmøtet i laget eller eit medlemsmøte.

Organisasjon	Levert årsrapport for 2022	Totalt tal medlemmar 2023 (betalt)	Tal utsendingar
Bondeungdomslaget i Stavanger	ja	115	2+2
Haugesund Mållag og Ungdomslag	ja	90	2+1
Klepp leikarring	ja	27	2
Krosshaug UI	nei, nedlagt	0	0
Kvinnerland Frilynde Ungdomslag	ja	92	2+1
Midtbygdens Ungdomslag	ja	18	2
UI Skjoldafjord	ja	21	2
Nærbø Folkedanslag	ja	6	2
Sandeid Ungdomslag	ja	111	2+2
Rossabø Folkedanslag	ja	30	2
Suldal Ungdomslag	nei	6	0
Vikedal Ungdomslag	ja	49	2
UL Heim	nei, nedlagt i NU	0	0
Ølen Ungdomslag	nei, nedlagt i NU	0	0

Sak 3 Val av ordstyrar

Forslag til vedtak: Blir lagt fram på møtet.

Sak 4 Forretningsorden

Forslag til forretningsorden:

Ordstyrarar: Til å leie møtet vert det vald 1 ordstyrar.

Vedtaksprotokoll: Årsmøtet vel ein referent til å føre protokoll frå årsmøtet. I protokollen skal det berre førast namnet på dei som deltek i debatten, framlegg, namna på dei som kjem med framlegg, røysterresultat og endeleg vedtak. Årsmøtet skal velje to til å skrive under møteprotokollen.

Innlegg: Utsendingar som ynskjer ordet må gje teikn om dette ved å vise det ved å rekke opp handa. Årsmøtet vedtek ev. avgrensingar i taletid på enkelte saker.

Replikkar: Til kvart innlegg kan det bli gitt maksimalt 2 replikkar og 1 svarreplikk.

Til saksførehavinga: Dersom utsendingane har merknader til saksgangen i møtet, kan ein ta ordet til saksførehavinga.

Framlegg: Framlegg skal leverast skriftleg til ordstyrarane, underteikna med vedkomande sitt namn, og namnet på laget vedkomande er utsending frå. Etter at det er sett strek i ei sak, er det ikkje lenger høve til å kome med nye framlegg eller trekkje attende framlegg som tidlegare er sett fram.

Røystemåtar: Når saker skal avgjerast gjeld vanleg fleirtal, med unntak av lovendingar der det skal vere 2/3 fleirtal. Når det blir sett fram krav om røystemåten, avgjer årsmøtet dette ved røysteteikn. Eit val skal vere skriftleg når nokon krev det, og alltid når det er gjort framlegg om fleire enn det som skal veljast.

Val: Dersom det er røysta på fleire enn to ved val av leiar, skal det vere omval når ingen har fått meir enn halvparten av røystene, til dess det er berre to å velje mellom. Får desse to likt røystetal, blir valet avgjort med loddtrekning. Dersom det blir røysta berre på to leiarkandidatar og begge får like mange røyster skal det vere omval. Er røystetalet likt andre gongen, blir valet avgjort med loddtrekning. Ved dei andre vala er dei valde som får flest røyster.

Oppteljing av røyster: Blanke røystesetlar eller røystesetlar som tyder på at ein ikkje vil ta stode til val eller sak, skal teljast opp og vere med i utrekningsgrunnlaget for saker som krev kvalifisert eller absolutt fleirtal. Blanke røystesetlar eller tilsvarende røystesetlar tel ikkje i saker som krev vanleg fleirtal.

Sak 5 Val av referent

Forslag til vedtak: blir lagt fram under møtet

Sak 6 Val av to til å skrive under møteprotokoll

Forslag til vedtak: blir lagt fram under møtet

Sak 7 Årsmelding 2023

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2023.

Styret:

Leiar: Synnøve Jørgensen, BUL Stavanger

Styremedlem og nestleiar: Ann Cathrine Høyland, BUL Stavanger

Styremedlem og kasserar: Solgunn Liestøl, Midtbygdens Ungdomslag

1. vara: Håvard Ims, BUL Stavanger
2. vara: Morten Eiknes, UL Skjoldafjord

Styret har hatt åtte styremøter og handsama 28 saker i løpet av året og hatt totalt 5 møter.

Bunadnemnd:

Daghild Håvardsholm, BUL Stavanger

Ragnhild U. Ødegaard, BUL Stavanger

Eli Olsen, BUL Stavanger

Målfrid Grimstvedt, BUL Stavanger

Bunadsnemnda si årsmelding ligg ved.

Vår kontaktperson i instruktørforumet:

Anne Marie Nerby, BUL Stavanger

Ansvarleg for langeleik-undervisning:

Lise K. Meling, BUL Stavanger

Vår kontaktperson i SAFFRO:

Lene Midteide Lønning, HMU

ÅRSMØTE I ROGALAND UNGDOMSLAG 2024

Medlemmar (31.12.2023):

ID	Namn	Betalte medl. 2021	Betalte medl. 2022	Betalte medl. 2023
18001	Bondeungdomslaget i Stavanger	122	125	115
18006	Haugesund Mållag og Ungdomslag	78	82	90
18020	Klepp leikarring	18	17	27
18061	Krosshaug UI	0	0	nedlagt
18007	Kvinnerland Frilynde Ungdomslag	0	92	92
18003	Midtbygdens Ungdomslag	32	22	18
18016	Nærbø Folkedanslag	10	8	6
18013	Rossabø Folkedanslag	33	34	30
18011	Sandeid Ungdomslag	109	116	111
18062	Suldal Ungdomslag	0	6	6
18008	UI Skjoldafjord	9	9	21
18004	Vikedal Ungdomslag	47	48	49
	SUM*	428	559	547

** Nokre medlemmar er medlem i fleire av laga. Sum her samsvarer derfor ikkje heilt med sum medlemmar som RU oppgjev i til dømes søknad til Rogaland fylkeskommune.*

Jubileumslag:

Klepp Leikarring	skipa i 1983	40 årsjubileum
Sandeid Ungdomslag	skipa i 1908	115 årsjubileum

Representasjon:

Landmøte i Noregs ungdomslag	22.-24. april	Solgunn Liestøl og Synnøve Jørgensen
Landsrådsmøte i NU	21.-23. oktober	Håvard Ims
Info-møte om drifstøtte frå Rogaland Fylkeskommune	oktober	Synnøve Jørgensen
Komite barne og familieprogrammet Nordlek 24	Våren 23 - sommer 24	Ann Cathrine Høyland

Mål: Stimulere til meir aktivitet i lokallaga

- Besøke lokallag (“Kaffidrøs”)
- Vidareformidle informasjon om relevante lokale og regionale arrangement på heimeside, e-post og facebook
- Oppmode lokallaga om å søkje frifond
- Støtte lokal aktivitet økonomisk gjennom ordninga “Aktivitetsstønad”
- Tilby lokallaga kulturprogram gjennom prosjektet RU-kulturformidling
- Oppmode til feiring av Frivillighetens dag 5.des
- Lokallagssamling “med trekkplaster”

Styret har diverre ikkje besøkt nokon lokallag gjennom “kaffidrøs” dette året slik planen var.

Prosjektet RU-kulturformidling er ikkje sett i gong på grunn av for få frivillige i arbeidsgruppa.

Det er i 2023 delt ut Aktivitetstønad til:

Rossabø UL	kr 5 000
Sandeid UL	kr 6 000
Vikedal UL	kr 8 000

Mål: Auke medlemstalet med minst 50 medlemmar

- Følge opp alle lokallag i forhold til oppdatering av medlemsliste

Medlemstalet har diverre gått ned. Fleire lag vi veit har medlemmer har ikkje meldt dei inn.

Mål: Rekruttere minst eitt nytt lokallag

- Styret tek kontakt med aktuelle lag
- Invitere lag som ikkje er medlem i NU til kurs
- Besøke lag som ikkje er medlem i RU eller SAFFRO (instruktørforumet)

Vi har ikkje prioritert å ta kontakt med aktuelle ikkje-medlemslag, men vi inviterte breitt til kurs om lagshus (storkurs i Agder).

Mål: Opplæring og kompetanseheving i folkedans/folkemusikk, teater, bunad og organisasjonsarbeid.

- Vidareføre samarbeidet med Lise K. Meling for å tilby undervisning i langeleik
- Tilby reisestøtte til ungdom som vil delta på Sommarleir i NU
- Vidareføre samarbeidsavtalen om Sommarteatarskule i Sandeid
- Arrangere teaterkurs

- Arrangere kurs i husdrift
- Kurs i økonomi, bokføring
- Lyd- og lyskurs for teaterlaga
- Arrangere motivasjonssamling for folkedansinstruktører (Instruktørforumet)
- Delta på fagdagen i bunad og folkedrakt (Bunadsnemnda)
- Arrangere kurs i å sy kvinne- og mannsbunad, vår og haust (Bunadsnemnda)
- Stille som rettleiarar på “bunadskafe”, Must. (Bunadsnemnda)

Sommarleiren i NU blei gjennomført, og vi ga støtte til ein deltakar.

Kurs i lyd og lys var planlagt i Sandeid, men diverre ikkje gjennomført. Kurs i husdrift og økonomi var planlagt på Storkurs 2024, men er diverre avlyst på grunn av få påmeldte.

Etter initiativ frå 6 eldsjeler i BUL Stavanger og Klepp Leikarring fekk vi i 2022 eit instruktørforum. Dette er eit forum der hovudmålet er meir samarbeid mellom danselaga generelt i sør-fylket. I forumet er Anne Marie Nerby vår kontaktperson. Forumet arrangerte hausten 2023 andre gong motivasjonssamling for folkedansinstruktører i fylket.

Les om arbeidet til Bunadsnemnda i eiga årsmelding (eige dokument).

Mål: Eit synlegare ungdomslag

- Gratulere jubileumslaga på facebook
- Synleggjere Sommarteaterskulen på heimesida og facebook
- Arbeida for å få prosjektet “Huset i Bygda” til Rogaland fylke.
- Ha utstilling på Handverksmessa til BUL Stavanger (Bunadsnemnda)
- Ha ansvar for utpakking og montering av utstillinga av hovudplagg på Stavanger museum (Bunadsnemnda)

Arbeidet med å få Huset i Bygda-prosjektet til fylket, har diverre stoppa opp. Fleire frivillige må på plass før vi arbeider vidare.

Facebook-sida vår har no følgjarar over heile fylket. Vi har pr i februar 2024 totalt 369 følgjarar.

Les om arbeidet til Bunadsnemnda i eiga årsmelding (eige dokument).

Mål: Eit smartare ungdomslag

- Tilby hjelp i hypersys
- Arkivering av bunadsmateriale held fram (Bunadsnemnda)
- Fullføra innkjøp av handvove stripestoff frå Lise Skoug Obel (Bunadsnemnda)

Mål: Nettverksbygging og samarbeid med andre

- Invitere sentralledet til eit arrangement i fylket
- Delta på Landsmøte og landsrådsmøte i NU
- Halde kontakten og samarbeidet med SAFFRO
- Halde ved like kontakten og samarbeidet med Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder UL
- Samarbeidsavtale med Sandeid UL om Sommerteaterskule
- Samarbeid med Rogaland Mållag
- Samarbeid med Folkemusikkarkivet og Ryfylkemuseet
- Samarbeid med Huset i bygda
- Samarbeid med MUST
- Delta på fagsamlingar innan bunadsarbeid (Bunadsnemnda)

Les om arbeidet til Bunadsnemnda i eiga årsmelding (eige dokument).

Sak 8 Rekneskap 2023

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsrekneskapet for 2023, og overskotet på kr 914,20 blir tilført egenkapitalen.

Balanse			
	1-jan.-23	31-des.-23	Note
Eiendeler			
Bankinnskudd	kr 1 557 734,26	kr 1 558 648,48	1
Utestående fordringer	kr 650,00	kr 650,00	
Eiendeler	kr -	kr -	2
SUM	kr 1 558 384,26	kr 1 559 298,48	
Gjeld og Egenkapital			
Forskudd	kr -	kr -	
Ubetalte fordringer	kr -	kr -	
Egenkapital	kr 1 558 384,26	kr 1 559 298,46	
SUM	kr 1 558 384,26	kr 1 559 298,46	
<i>Total (Skal være lik null)</i>	<i>kr -</i>	<i>kr -</i>	

Resultatregnskap			Note
Inntekter			
Medlemskontingent	22 127,00 kr		
Offentlige tilskudd	65 375,00 kr		
Andre inntekter	83 371,00 kr		
SUM	170 873,00 kr		
Utgifter			
Lønn	10 000,00 kr		
Reise	3 279,00 kr		
Varer og tjenester	161 959,24 kr		
Støtte til aktivitet	20 000,00 kr		3
Finanskostnader	1 958,98 kr		4
SUM	197 197,22 kr		
Driftsresultat	-26 324,22 kr		
Finansinntekter	27 238,42 kr		5
ÅRSRESULTAT	914,20 kr		

Note 1			
Bankinnskudd og kasse	1-jan.-23	31-des.-23	
DnB - Plasseringskonto (...09519)	kr 1 128 346,00	kr 1 155 582,42	
DNB - Driftskonto (...41768)	kr 293 553,26	kr 347 693,28	
DNB - Bunadsnemnda (...35698)	kr 135 254,02	kr 54 639,78	
Haugesund Sparebank (avsluttet)	kr 119,00	kr 121,00	
Kasse - Bunadsnemnda	kr 462,00	kr 612,00	
SUM Bankinnskudd og kasse	kr 1 557 734,28	kr 1 558 648,48	
Note 2			
Varelager og andre eiendeler	1-jan.-23	31-des.-23	
Varelager stoff	kr 57 042,00	kr 100 838,00	
Diverse varer			
Bunadssamlinga*	kr 180 000,00	kr 180 000,00	
Langeleiker	kr 75 000,00	kr 75 000,00	
Aksjer Dag og Tid	kr 5 716,00	kr 5 716,00	
SUM Varelager og andre eiendeler	kr 317 758,00	kr 361 554,00	
<i>Av regnskapstekniske grunner holdes varelager og andre eiendeler utenfor balansen.</i>			
<i>Dette er gjort for å slippe å føre avskrivning og motposterings for endring i varelager.</i>			
Note 3			
Folkekulturmillionen			
Inngående balanse (1-jan.-23)	758 930,84 kr		
Støtte til aktivitet	-9 000,00 kr		
Renter (%-andel av plasseringskonto)	17 887,57 kr		
Utgående balanse (31-des.-23)	767 818,41 kr		

Note 5		
Finansinntekter		
Renter DnB	kr 27 236,42	
Renter Hgsd Spb	kr 2,00	
SUM Finansinntekter	kr 27 238,42	

Revisormelding

Blir lagt fram på møtet.

Sak 9 Arbeidsprogram for 2024

Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtar framlegg til arbeidsprogram for 2024

Mål	Tiltak
Stimulere til meir aktivitet i lokallaga	<ul style="list-style-type: none"> • Besøker lokallag ("Kaffidrøs") • Vidareformidle informasjon om relevante lokale og regionale arrangement på heimeside, e-post og facebook • Oppmode lokallaga om å søkje frifond • Støtte lokal aktivitet økonomisk gjennom ordninga "Aktivitetsstønad" • Tilby lokallaga kulturprogram gjennom prosjektet RU-kulturformidling • Oppmode til feiring av Frivillighetens dag 5.des • Arrangere lokallagssamling
Auke medlemstalet med minst 50 medlemmar	<ul style="list-style-type: none"> • Følge opp alle lokallag i forhold til oppdatering av medlemsliste
Rekruttere minst eitt nytt lokallag	<ul style="list-style-type: none"> • Invitere lag som ikkje er medlem i NU til kurs
Opplæring og kompetanseheving i folkedans/folkemusikk, teater, bunad og organisasjonsarbeid.	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareføre samarbeidet med Lise K. Meling for å tilby undervisning i langeleik • Vidareføre samarbeidsavtalen om Sommarteatarskule i Sandeid • Arrangere teaterkurs • Arrangere kurs i husdrift • Arrangere kurs i folkedans
Eit synlegare ungdomslag	<ul style="list-style-type: none"> • Gratulere jubileumslag på facebook • Synleggjere Sommarteatarskulen på heimesida og facebook • Arbeida for å få prosjektet "Huset i Bygda" til Rogaland fylke.
Eit smartare ungdomslag	<ul style="list-style-type: none"> • Tilby hjelp i hypersys
Nettverksbygging og samarbeid med andre	<ul style="list-style-type: none"> • Invitere sentralledet til eit arrangement i fylket • Delta på Landsmøte og landsrådsmøte i NU • Halde kontakten og samarbeidet med SAFFRO • Halde ved like kontakten og samarbeidet med Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder UL • Samarbeidsavtale med Sandeid UL om Sommarteatarskule

	<ul style="list-style-type: none"> • Halde kontakt og samarbeidet med Folkemusikkarkivet og Ryfylkemuseet • Samarbeid med Huset i Bygda
--	---

Arbeidsprogram for Bunadsnemnda 2024:

- Bunadkurs våren 2024, og evt. også hausten
- Delta på bunadkafear på Stavanger museum
- Arkivarbeid- halda fram
- Delta på fagsamlingar innan bunadarbeid

Sak 10 Revidert budsjett for 2024

Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtar forslag til revidert budsjett for 2024 med eit resultat på kr 4 500.

	Rekneskap 2023	Vedtatt budsjett 24	Forslag til revidert budsjett 24	Forslag budsjett 2025
Medlemskontingent	22 127,00 kr	30 000,00 kr	25 000,00 kr	30 000,00 kr
Offentleg tilskot	65 375,00 kr	65 000,00 kr	69 000,00 kr	65 000,00 kr
Andre inntekter	23 711,00 kr	80 000,00 kr	80 000,00 kr	80 000,00 kr
Inntekter bunadsnemnd	59 660,00 kr	100 000,00 kr	100 000,00 kr	100 000,00 kr
Sum inntekter	170 873,00 kr	275 000,00 kr	274 000,00 kr	275 000,00 kr
Lønn	10 000,00 kr	5 000,00 kr	- kr	- kr
Reise	3 279,00 kr	29 000,00 kr	29 000,00 kr	29 000,00 kr
Varer og tenester	21 835,00 kr	88 500,00 kr	86 500,00 kr	111 500,00 kr
Stønad	20 000,00 kr	35 000,00 kr	80 000,00 kr	60 000,00 kr
Finanskostnader	1 958,98 kr	1 500,00 kr	2 000,00 kr	1 500,00 kr
Utgifter bunadsnemnd	140 124,24 kr	116 500,00 kr	100 000,00 kr	100 000,00 kr
Sum utgifter	197 197,22 kr	275 500,00 kr	297 500,00 kr	302 000,00 kr
Driftsresultat	- 26 324,22 kr	- 500,00 kr	- 23 500,00 kr	- 27 000,00 kr
Finansinntekter	27 238,42 kr	7 500,00 kr	28 000,00 kr	28 000,00 kr
Årsresultat	914,20 kr	7 000,00 kr	4 500,00 kr	1 000,00 kr

Forklaring til revidert budsjett 2024 og budsjett 2025

Revidert budsjett for 2024 er justert i forhold til erfaringstal 2023 og arbeidsprogram. I 2025 blir RU 130 år. Vi kjøper inn nye RU-koppar. Vi legg også inn ei medlemsauke i 2024.

Begge åra har vi budsjettert med kr 18 000 i renteinntekter og 20 000 i utgifter til Folkekulturmillionen.

Sak 11 Budsjett 2025

Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtar forslag til budsjett 2025 med eit resultat på kr 1 000.

Sjå tal og forklaring i saka over.

Sak 12 Årspengar for 2025

Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtar å føre vidare sats for medlems/årspengane uendra også i 2025. Satsane til Rogaland Ungdomslag er i dag: Medlem over 26 år: kr. 50,- og Medlem under 26 år: kr. 30,-

Sak 13 Innkomne framlegg

Ingen saker er kome innan fristen.

Vedtektene våre seier:

§ 4 Årsmøtet

2. saker

(...) Lokallag og nemnder kan kome med framlegg om saker til årsmøtet. Sakene med grunngjeving må vere melde skriftleg til styret i fylkeslaget seinast 6 veker før årsmøtet.

Sak 14 Val

Valnemnda sitt forslag til styre 2024:

Leiar:			attval, 1 år
Styremedlem:	Solgunn Liestøl	Midtbygdens UL	ikkje på val
Styremedlem:	d		attval, 2 år
1. vara	Håvard Ims	BUL Stavanger	attval, 1 år
2. vara	Morten Eiknes	UL Skjoldafjord	attval, 1 år

Valnemnda sitt forslag til ettersynsfolk/revisor:

1 år

1 år

Forslag til valnemnd:

2018 BUL Stavanger

2019 Midtbygdens Ungdomslag Rossabø Folkedanslag

2020 Haugesund Mållag og Ungdomslag Klepp Folkedanslag

2021 Sandeid Ungdomslag Suldal Ungdomslag Ølen Ungdomslag

2022 Nærbø Folkedanslag Ungdomslaget Skjoldafjord Krosshaug Ungdomslag

2023 Vikedal Ungdomslag Kvinnesland Frilynde Ungdomslag BUL Stavanger

2024 Midtbygdens Ungdomslag Klepp Leikarring Ungdomslaget Heim
Rossabø Folkedanslag

2025 Haugesund Mållag og Ungdomslag Sandeid Ungdomslag Suldal Ungdomslag

2026 Ungdomslaget Skjoldafjord Nærbø Folkedanslag Krosshaug Ungdomslag

Forslag til utsendingar, Noregs Ungdomslag sitt Landsmøte 2024:

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å velje utsendingar til Landsmøtet i NU 2024